



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

tru



håp

“Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! Lat alle mennesker få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær.”

Fil.4,4

kjærleik



Trusopplæring

13 ÅR - VÅR 2024

“Gled dykk alltid”
Hareid Kyrkjelyd

Velkomen til trusopplæring for 13 åringar

Velkomne til eit leirdøgn på Kjeldsund for deg som er 13 år i løpet av dette året. Kanskje du har vore på leir før og veit kor kjekt det er? Eller dette vert din første leir?

Velkomen skal du vere til eit lite leirdøgn saman med oss!

FREDAG 07. - LAURDAG 08.juni

**Vi møtest fredag kl.18.00 på
KJELDSUND og er ferdige
LAURDAG kl.15.00**

Vi inviterer til samvær over litt lenger tid enn vi har brukt før, nesten eit døgn i lag. Overnatting kan vere veldig spanande og som regel kjempekjekt!

Kjeldsund ungdomssenter og gjestegard, er eigd av Det Norske Misjonsselskap og ligg i Herøy kommune. Leirplassen ligg heilt ved sjøkanten og er ein idyllisk plass for mange ulike aktivitetar.

Du treng å ha med deg sovepose, (ev.sengtrekk) laken, klede og sko til å vere ute og inne, Bibel og skrivesaker. Godteri i små mengder er heilt ok, men IKKJE energidrikk av noko slag. Alle vert delt inn i rom med 3-4 andre 13 åringar, om du vil kan du namngi ein person du ynskjer å dele rom med. Mobiltelefon kan ligge igjen heime, du får låne leiar sin ved behov. Dei som har med vert samla inn.



Kva skal vi gjere

Saman skal vi lese og lære, syngje og dramatisere. Vi skal brenne bål, grille, ha sporløp, sparke fotball/volleyball, ete mat osv.

Leik og moro!

Når vi er på ein slik plass vert det mykje leik og moro både ute og inne. Det er mulig å bruke både båt og kano, sjølvsagt med redningsvest(er på staden) og saman med vaksne.

Påmelding snarast og seinast 04.juni kl.16:00

**Påmelding: SMS 92 09 01 74
og vipps kr.150,- til 16290 som påmeldingsgebyr,
først då er påmelding registrert, mkr.med namn
på deltakar.**

**Restbeløpet kr.500,- betalar du inn til kontonr.
4213.40.35026 seinast dagen før leiren startar og
merk med namn på deltakar.**

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende samlinga så ta kontakt.
Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74
straumpost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Påmelding - Trusopplæring 13 år

Meld deg på til kyrkjekontoret innan fristen.

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30, straumpost eller SMS 920 90 174.

Som føresett vil eg at skal vere med på leirdøgn
 Som føresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.
Som føresett kan eg hjelpe til heile tida deler av døgnet, etter nærmare avtale.
Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbyte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift føresatt